

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 21.11.2019
Vår ref.: 2018/17462-51
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Att. Bente Kopperdal Hervik

Tilsagn på tilskot til plan for friluftslivets ferdselsårer 2019

Vi viser til søknaden dykkar om midlar til oppstart av plan for friluftslivets ferdselsårer for 2019. Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 20.11.2019, vedteke å tildele dykk kr 60 000.

Politisk sak med individuell grunngjeving vert lagt ved. Det var 17 søknadar og alle søknadane fylte vilkåra for tildeling av tilskot.

Om ordninga

Formålet med prosjektet er å få flest mogleg kommunar til å setje i gang eit systematisk arbeid for å ta vare på og vidareutvikle friluftslivets ferdselsårer i kvar kommune. Ein må følgje rettleiar M-1292 for friluftslivets ferdselsårer frå Miljødirektoratet. All tilrettelegging skal følgje Merkehandboka (revidert utgåve i 2019). Ein kan ikkje søkje om tilskot til anlegg og ordinær drift av anlegg. Tiltaket skal slutførast innan 1 år etter motteke tilsegnsbrev.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) kan bistå kommunane som ønskjer oppfølging etter modell frå kartlegging og verdisetting av friluftsområder. Dei kan gje grundig opplæring i metodikken som Miljødirektoratet legg opp til i rettleiar M-1292. BOF kan delta på oppstarts- og arbeidsmøter og bidra med digitalisering, kvalitetskontroll, slutføring og rapport. Dei i kommunane som ønskjer bistand frå Bergen og Omland Friluftsråd til utarbeiding av plan for friluftslivets ferdselsårer må betale dei kr 30 000.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF-format til Hordaland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og **seinast innan 1. desember**.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/17462

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har motteke og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegn

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med rettleiar M- 1292, prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.) Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falle bort. Vi ber om at Vestland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <https://www.vlfk.no/grafisk-profil/>.

Rapportering

Statusrapport og rekneskap sendast til Vestland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 15. desember 2020. Statusrapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre status og gjennomførte tiltak i steg 1 og 2 i tråd med rettleiar M- 1292 per dags dato
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Skildringa av korleis og når heile prosjektet (steg 3 og 4) skal gjennomførast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn nødvendig for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling bli gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.